



Soknepresten, Lina Håland, syng for det nydøypte barnet med namnet Leander Solgård Voll. Bilete syner stolte foreldre og fadrar.

Påska er kyrkjetid. Den fyrste gudstenesta av to var i Uskedal kyrkje i dag, skjærtorsdag. Den neste gudstenesta er lagt til søndag, 1. påskedag kl. 19.30. Leander Solgård Voll vart døypt i dag og straks etter preika fekk kyrkjelyden høyra vakker solsong av Marianne Meyer Borgen med tonefylgje av Eva Megyesi.



Marianne Meyer Borgen syng Bjørn Eidsvåg sin påsketekst: Du låg og skalv av angst på kne.

Dagens tekst er henta frå Matteus kap. 26. frå vers 17. Det handlar sjølvsagt om Det siste måltidet og Nattverden. I talen sin understreka soknepresten, Lina Håland, at vi alle vert inviterte til nattverd, eit måltid i det kyrkjelege fellesskapet som mellom anna formidlar syndstilgjeving. Namnet skjærtorsdag kjem av norrønt skira som tyder reinsing, det at Jesus vaska føtene til læresveinane den kvelden dei hadde det siste måltidet.

Ei gledeleg overrasking var det å høyra Marianne Meyer Borgen framføra Du låg og skalv av angst på kne med tekst og melodi av Bjørn Eidsvåg. Marianne bur i Uskedalen, er korsongar og syng fast i Husnes Blandakor. Vi vil truleg få høyra meir frå henne i tida framover.

Kantor Eva Megyesi spelte til inngang, slik det høver på ein skjærtorsdag, syrgjemarsj i D dur Sonata av A. Guilman. Til utgang vart det spelt eit stykke av Mendelsohn..

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal